

# Drøymer om badeanlegg i Brattvåg sentrum

- Dette kan vi få til, men vi er avhengige av støtte frå næringslivet, sa ordførar Vebjørn Krogsæter då planane for eit badeanlegg i Brattvåg vart presentert på eit møte måndag. Haram kommune har lagt av 70 millionar til badeanlegg, men for å realisere planane treng dei investorer.

## BB - RUTH JANNE VINJE

- Under skulebygginga på 70-talet fekk alle nye skular symjebasseng. No er desse utslite og stengt, og vi har igjen eitt basseng ved Brattvåg ungdomsskule. Kommunestyret har vedtatt at det skal vere eit basseng i Brattvåg, sa ordførar Vebjørn Krogsæter under eit møte om badeanlegg i Brattvåg måndag.

## Basseng i dalen

Kommunen har leidd inn arkitekt Stig Eide frå Bergen som kunne legge fram to forskjellige prosjekt. - Det første ligg ved Brattvåg ungdomsskule, og vil erstatte dagens basseng. Det gamle eigna seg ikkje for rehabilitering. Dette blir eit bad med idrettsmisjon som vil ha eit opplæringsbasseng og eit konkurransebasseng, fortalte Eide.

**Mangel på parkering**  
Dei vel 100 personane som hadde møtt opp til informasjonskvelden fekk også komme med innspel.

Mange peika på få parkeringsplassar ved sentrumsalternativet i eit allereie pressa område.

Turid Hanken, rådmann i Haram, trudde ikkje det ville bli eit stort problem.

- Hovudytnga av besøkande til badeanlegget vil kome på kveldstid og i helgane. Då er parkeringsplassen i det komande tenehesthuset rett over gata, i stor grad ledige. Dessutan vil eg oppmøde om å parkere eit stykke unna og gå til anlegget, sa ho.

Hanken peika på at ein tettstad må ha attraktivitet.

Eide la fram ei skisse over eit monumental-bygg i bergnabbane rett ved Ingebrigts Davik-huset.



Haram kommune har utgjeidd eit badeanlegg i Brattvåg sentrum mellom Brattvåggata og Strandgata. Eit leilegheitsprosjekt (t.h i bildet) er også planlagt, men desse to går uavhengige av kvarandre. (Ill. SE Arkitektur)

## Bind saman sentrum

- Bygget blir også ei viktig brikke i å binde saman Brattvåggata (tidlegare Storgata) og Strandgata. Vi har teikna inn trapper på utsida av bygget. Naturlegvis er det også mogleg å ta trapper eller heis inne i bygget. Heilt øvst blir det eit utsiktsplattform, der ein kan slå seg ned og nyte utsikta, sa Eide.

## Smal tomt i sentrum

Det andre alternativet hadde gitt arkitektane ei real utfordring. - Det er ei smal sentrumsomtomt, og den har 15 meter høgeforskjell, sa Eide og la til at dette var slike utfordringar som arkitektane sette pris på.

- Her ser vi for oss eit folkebad, med konkurransebasseng, stupetårn, eit opplæringsbasseng og eit basseng for dei aller yngste. Bygget har også rom som kan brukast til trenings eller helse, utleigering og ikkje minst - store vindauge meg godt innsyn til bassengområda.

Eide la fram ei skisse over eit monumental-bygg i bergnabbane rett ved Ingebrigts Davik-huset.

navåg. Det er ikkje berre eit basseng-badeanlegg, men også eit anna bidreg med noko meir til heile lokalsamfunnet.

## Treng pengar

Det skein gjennom at alternativet i sentrum var det føretrekte hos ordføraren.

- Men vi treng hjelpe. Dei 70 millionane som kommunen har av satt i økonomiplanen strekk ikkje til. Vi kan få litt frå tippemidlar, momskompensasjon og kanskje også vassverket vil delta, slik dei har gjort på andre kultur- og idrettsanlegg i kommunen, sa Krogsæter.

Publikum lurte på kva sentrumsalternativet ville koste, men det hadde heller ikkje Krogsæter svar på.

- Hovudytnga av besøkande til badeanlegget vil kome på kveldstid og i helgane. Då er parkeringsplassen i det komande tenehesthuset rett over gata, i stor grad ledige. Dessutan vil eg oppmøde om å parkere eit stykke unna og gå til anlegget, sa ho.

Hanken peika på at ein tettstad må ha attraktivitet.

- Vi treng noko som dreg folk til Brattvåg. Vi har vore og sett på badeanlegga i Ulsteinvik og Fos-

- Planen er teikna i stort omfang, men vi kan naturlegvis spare litt.

## Vedtak i juni?

Krogsæter la likevel vekt

på den store verdien eit slikt anlegg vil ha for Brattvåg.

- Skal vi få dette prosjektet i hamn, hastar det. I og med at det er kommunen

nesamslåinga i 2020, burde kommunestyret gjøre vedtaket seinast i juni, sa ordføraren.



Store planar om badeanlegg og leilegheiter vart presentert i Ingebrigts Davik-huset måndag. F.v. ordførar Vebjørn Krogsæter i Haram kommune, Arne Tande i bustadutviklar Nye Vågen 1 og arkitekt Stig Eide.



Skisse av eit eventuelt idrettsbad ved ungdomsskulen.

## Haram kommune jaktar investorar

## Haram kommune jaktar investorar

# 25 leilegheiter med utsikt til badeanlegget



Mange viste interesse for planane om badeanlegg og leilegheiter.

- Vi meiner det er behov for sentrumsnære leilegheiter i Brattvåg, sa Arne Tande, og la fram planane om 25 leilegheiter rett ved badeanlegget i sentrum.

- Dette er heilt uavhengig av om badeanlegget vert realisert, sa Tande som gjennom selskapet Nye Vågen 1 har oppsjon på kjøp av tomtområdet, og har tilbydd kommunen grunn til badeanlegg.

skje får fleire familiar til

soverom. Dei største kan

nøysprisnivå, sa Tande og la til at normalt er det vanleg å selje om lag 70 prosent før ein startar byggeprosjektet.

## Unik sjanse

- Mange ser ikkje dei flotte anlegga i Brattvåg, som skulen og idrettsområdet. No har vi sjansen til



- Dette er ein unik sjanse til renovering av sentrumsområdet. Men brattvågarane må ville det, sa Bjørn Sandnes som representerte både prosjektgruppa for badeanlegg og bustadprosjeket Nye Vågen 1.

å renovere sentrumsområdet og la det bli skikkeleg flott. Men brattvågarane må ville det, sa Bjørn Sandnes som i tillegg til å vere i prosjektgruppa for badeanlegg også er investor i leilegheitsplanane.

Bak Nye Vågen 1 AS står Arne Tande, Trond Skjelten, Bjørn Sandnes, Jan Lillestøl og Inger Synnøve Remme.

## KOPPEN INDUSTRIER AS

### Planlegg du nybygg eller renovering?

Som ein del av leveransen tilbyr vi GRATIS teikning, berekning og rådgivning til ditt prosjekt.

Ta kontakt!

**Koppen Industrier AS**

700 45 990  
post@koppenind.no – www.koppenind.no  
Morkamya 12 – Furene – 6105 Volda

**Fritt levert på køyrerute!**  
 Kvar onsdag til Ålesund, Sula, Giske, Skodje, Haram og Ørskog

<b>Bygg 1 Kari</b> Innerdør med karm <b>1.299,-</b>	<b>Bygg 1 Lillehammer</b> Ytterdør m/klart glas <b>8.800,-</b>
---	--

PVC-vinduer frå H-Plus

110x120 Toppsving	<b>3.840,-</b>
120 x 120 Toppsving	<b>3.950,-</b>
110 x 120 Drei/Kipp	<b>3.285,-</b>
120 x 120 Drei/Kipp	<b>3.390,-</b>

Perle Fas, skygge MDF kostmalt  
11 x 620 x 2390, Eggkvit, Skagen pr plate. Fritt levert **129,-**

## Lavpris vinter 2019

### Kvitmalt listverk

10x58 golv/karmlist .....	<b>23,75</b> pr. m <sup>2</sup>
15x70 profilert golv/karmlist .....	<b>36,25</b> pr. m <sup>2</sup>
21x70 profilert taklist .....	<b>43,30</b> pr. m <sup>2</sup>

### Kledning

19x148 dobbelfals grunna kvit .....	<b>176,30</b> pr. m <sup>2</sup>
19x148 dobbelfals 2.sortering natur .....	<b>99,00</b> pr. m <sup>2</sup>

### Panel

12x120 Skyggepanel fure .....	<b>92,15</b> pr. m <sup>2</sup>
13x120 kvitfri kvitmalt skyggepanel .....	<b>318,00</b> pr. m <sup>2</sup>
11x128x2415 bevertak (MDF) skygge .....	<b>125,00</b> pr. m <sup>2</sup>

### Plater

12mm sponplate vegg. 122x239 .....	<b>161,00</b> pr. stk
12 mm foliert sponplate tak. 62x122 .....	<b>79,00</b> pr. stk
13 mm standardgips 120x240 .....	<b>99,50</b> pr. stk
11 mm MDF-veggplater (kostmalt) .....	<b>129,00</b> pr.plate

### Isolasjon

Knauf A35 50 mm (8,21 m <sup>2</sup> . pr. pk) .....	<b>25,70</b> pr. m <sup>2</sup>
Knauf A35 70 mm (5,47 m <sup>2</sup> pr. pk) .....	<b>34,05</b> pr. m <sup>2</sup>
Knauf A35 100 mm (4,1 m <sup>2</sup> pr. pk) .....	<b>46,70</b> pr. m <sup>2</sup>
Knauf A35 150 mm (2,74 m <sup>2</sup> pr. pk) .....	<b>69,10</b> pr. m <sup>2</sup>
Knauf A35 200 mm (2,05 m <sup>2</sup> pr. pk) .....	<b>91,90</b> pr. m <sup>2</sup>

Gyldig t.o.m 31.03.2019

Alle priser inkl. mva.